

Referat frå LOP-turen til Finnskogen

11.-13. juni 2024

Nok ein gong har turkomitéen sørja for at ivrige LOP-medlemmer kunne dra på tur og oppleve nye, spennande delar av det mangslunge landet vårt. Ein er trygg på at alt er grundig planlagt når Birgit & co + Peer Gynt Tours står for opplegget. Denne gongen gjekk turen til den gåtefulle FINNSKOGEN, og med andre interessante stopp undervegs. Første stopp var på DOMKYRKJEODDEN på Hamar.

R r for opp



Figur 1: Ivrige LOP-folk på veg inn til ruinane



Figur 2: Ivar Teigum fortel om mellomalderbyen Hamar



Figur 3: Guiden framfor eit lydhørt publikum

Med ny kunnskap om bygginga og virket til Domkyrkja (frå 1152/53) og om bispeborga og maktkampen mellom bispesetet og kongemakta, kunne vi dra vidare mot Finnskogen. Bjørn og Birgit serverte leskande drykk undervegs. Da nytta vi høvet til gode samtalar med andre enn reisepartnaren.



Figur 4: Kø foran tappekranene



Figur 5: Verdsproblem skal løysast når ein har god drykk

Vel framme i Kirkenær vart vi innlosjerte i det trivelege **Skaslien Gjestgiveri**. Gode senger og ekstra god mat gjorde opphaldet i to døgn til eit sers velkomne avbrekk i ein regntung og stort sett kald junikvardag. Heldige var vi forresten med veret lell, for det regna ikkje under stoppa våre. Ved kvar stopp nytte mange høvet til å bli betre kjende med andre i LOP, og etter fleire flotte turar saman, har vi vorte ein bra samansveisa gjeng.

Onsdagen starta med interessant og morosam guiding av lokalkjende Øivind Roos. Han var eit oppkome av kunnskap og historier, både under og kanskje litt over «kanten», så latteren satt laust. Først ville han vise oss Namnesteinen ved sjøen Røgden. Det er ein ti tonn tung naturstein til minne

om skogfinnene som frå 1600-talet slo seg ned i området, og den inneheld 431 finske slektsnamn på norsk, finsk og svensk.



Figur 6: Guiden til høgre, og vår framifrå sjåfør bak til høgre



Figur 7: Namnesteinen og Røgden i bakgrunnen



Figur 8: Historieinteresserte damer

Vidare gjekk turen til Finnetunet på Svullrya og heimen til Åsta Holt. I Finnetunet fekk vi sjå korleis ei røykstue på Finnskogen kunne sjå ut, med den typiske, store røykammen med fleire viktige funksjonar. Fryse gjorde dei nok ikkje med eit slikt varmemagasin i stua, og med koking og steiking av fisk og vilt, svalt dei vel heller ikkje.



Figur 9: Røykammen - som fanst i kvar ein heim. I bruk heilt til 1960-talet



Figur 10: Kari ved det skogfinske flagget

Fargane:

Grønt for skogen

Gult for svedjerugen

Raudt for ild og for det heilage tréet rogn



Figur 11: Flagget til Republikken Finnskogen

Republikken Finnskogen blir feira tre dagar i året under Finnskogdagane. Ein liten del av Finnskogen lausriv seg desse dagane, og dei vel president og regjering og feirar seg sjølve.

Motti blir nok servert. Det er ein heilt spesiell graut med fleisk eller med surmjølk og tippi/tyting.

Svedjebruk: Først sådde ein rug, så kunne ein så neper (til folk og dyr), og når ein hadde nok av det, vart det sådd lin.

Svullrya tyder «kornmagasin ved elva».

Frå Finnskogtunet gjekk turen attende til heimen til **Åsta Holt**, der den andre gruppa var ferdig med omvisinga. Åsta kjøpte seg eit småbruk på Leiråker der ho hadde ku, griser og høner, og der ho opparbeidde ein stor og flott hage med grønsaker, busker og blomar i overflod. Her fekk ho bruke kunnskapane sine i hagebruk og kunst- og håndverk, men mest blir ho nok hugsa for forfatterskapet og for det store engasjementet ho hadde for lokalsamfunnet. Td vart ho som 80-åring valt til sekretær i Motorsportens Venner på Grue Finnskog, og ho fekk, mellom mange andre utmerkingar, td H M Kongens fortjenestemedalje i gull og vart Riddar av den finske Lejon Orden.



Figur 12: Åsta Holt sin heim

Inne var det diplomar og heiders-bevis av mange slag



Figur 13: Byste av Åsta, laga av Skule Waksvik



Figur 14: Åsta i Finnskogbunaden ho sjølv har komponert



Figur 15: Skogheim, huset til ungdomslaget, der Åsta var aktiv til ho var over 90år

Etter timar med spennande inntrykk, var det lunsjtallerken på Finnskogen Kro og deretter underhaldning: Folkemusikkentusiasten Ola Grøslund hadde klart å ordne konsert med den vidgjetne Finnskogsartisten Sinikka Langeland. Det vart av dei sjeldne opplevingane i livet: Med ei klokkeklår røyst og intens innleving framførte ho finske runesongar. Ein runesong er å synge ein hemmelegheit. Instrumentet hennar, Kantele, er eit finsk folkemusikkinstrument som er nemt fleire gonger i nasjonaleposet Kalevala, og det blir brukt både i Finland og blant skogfinnane i Noreg.



Figur 17: Sinikka Langeland syng og spelar på sin Kantele

Om kvelden var det god middag på Skaslien Gjestgiveri, som kvelden før, og det vart triveleg samrøre og TV-titting på EM i friidrett – og som kvelden før.

Etter frokost på torsdagen, vende vi nasen nordover att, til Norsk skogmuseum på Elverum. Det var neste post på programmet, og der vart vi teke imot av ein engasjert førstekonservator, Bjørn Bækkelund, som tok oss gjennom historia til muséet frå starten i 1954. Overraska vart i alle fall eg over kor stort, moderne og med mykje spennande innhald muséet var. På den stutte tida var det ikkje mogleg å sjå grundig på alt, særleg ikkje for oss som tok turen over bruene til Glåmdalsmuséet, men gode smakebitar fekk vi da.



Figur 16: Ein irritert «Skogens konge»

Nesten alt ein kan tenkje seg av skogsdrift og dyreliv i skogen er representert i passe store og informative avdelingar.



Figur 17: Tømmerfløting.

I Glomma heilt til 1985!



Figur 18: Kunstgalleriet

Muséet har eige kunstgalleri. Bilete frå norsk natur er sjølsagt sterkt representerte, og her er nokre av kunstnaren Anne Kristin Hagesæther.

Siste post på programmet var Bjerkebæk på Lillehammer, heimen til Sigrid Undset. På turen dit les Tordis Schei Dahl eit rørende utdrag frå Kristin Lavransdatter om Simon Darre. Under guidinga fekk vi eit kort resymé av forfattaren sitt virke og dramatiske liv, spesielt under krigen, da antinazisten Sigrid opplevde tapet av sonen og den kronglete og lange flukten til USA.



Figur 19: Frå tunet

Dei to husa «Røssum» og «Dalseg»



Figur 20: Skrivebordet til forfattaren i dag

Her hevda guiden at ho skreiv triologien om Kristin Lavransdatter. Det er det visst fleire meiningar om: Ho skreiv vel fleire plassa, td på Laurgård på Sel.



Figur 21: Forfattaren ved det same skrivebordet

Her ser ein noko meir av den store boksamlinga hennar på ca 10 tusen bind.

På Lillehammer og vidare oppover dalen vart det stopp og farvel til stadig fleire av deltakarane, til siste gruppe trygt var framme på Otta. Vi vil takke for ein storarta tur og ser fram til neste stortur, til dagsturar og andre gode opplegg i LOP-regi!

Liv Storbækken
sekretær

Foto: Palmar Ruste
(og eit par av sekretæren)